

Årsmelding for Kringkastingsringen 2021

1. Årsmøtet 2021
2. Styrearbeid
3. Medlemer
4. Økonomi
5. Administrasjon
6. Arbeid
7. Representasjon

1. Årsmøtet 2021

Årsmøtet vart halde digitalt 19. mars.

Fylgjande møtte: Inger Johanne Ruset, Kari Nygard Tvilde, Mattias Rolighed Bergset, Hans-Olav Rise, Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad, Ingjerd Lindeland, Mone Celin Skrede, Vegard Foseide, Einar Søreide, Ivar Bruvik Sætre, Sigrid Sørungård Botheim, Kjartan Helleve

Årsmøtet valde dette styret for 2021-2022:

Inger Johanne Ruset (for 1 år, leiar), Mone Celin Skrede (for 2 år), Kari Nygard Tvilde (for 2 år), Anders Boine Verstad (for 2 år), Ingjerd Lindeland (vald 2020), Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad (vald 2020), Hans-Olav Rise (vald 2020)

Varamedlemmar (for 1 år): Arne Henning Årskaug, Ivar Bruvik Sætre, Mona Vetrhus, Vegard T. Foseide

Valnemnd (for 1 år): Eline Bjørke, Guro Kvalnes, Jørgen Lyngvær

2. Styrearbeid

Det har vore seks styremøte i perioden. Styret har handsama om lag tretti saker. Styremøta har vore digitale. Dagleg leiar har fungert som skivar på alle møta.

3. Medlemer

Den 31.12.2020 hadde Kringkastingsringen 697 medlemmar, inkludert 36 livstidmedlemer. Dette er ein oppgang på om lag sytti frå året før. Kringkastingsringen har ei veldig trufast medlemsgruppe som i liten grad melder seg ut. Mykje av oppgangen skuldast ein vervekampanje der ein kunne melda seg inn for kr 200 og få ein kopp i vervepremie. Om lag førte slo til på dette tilbodet. Mange medlemer bidreg med frivillige gåver i tillegg til årspengane, og slik legg dei grunnen for at Kringkastingsringen kan driva utetterretta verksemd.

4. Økonomi

Rekneskapan syner eit underskot på 24 984 kroner. I 2021 fekk Kringkastingsringen inn 196 050 kroner i medlemspengar og 124 850 kroner i gåver.

5. Administrasjon

Kjartan Helleve har vore tilsett i 50 prosent stilling som dagleg leiar. Malin Langøy Aarbø var vikar frå 1.9.21 til 31.12.21.

Stillinga er lønna i lønnssteg 46 i statens regulativ. Løna vart i 2021 justert i samsvar med staten si justering av lønstrinna. Frå februar 2022 er stillinga lønna i lønnssteg 52. Lønsauken til dagleg leiar ikkje vart generell, men knytt til noverande dagleg leiar.

Arbeidsoppgåvene dreier seg hovudsakleg om økonomi, informasjonsarbeid, medlemsregister, politisk grunnarbeid og prisutdeling. Dagleg leiar fungerer også som skrivar på styremøta.

Organisasjonen leiger kontor hjå Noregs Mållag.

I 2022 har dagleg leiar fungert som talsperson for organisasjonen då styreleiar gjekk over i ei ny stilling som ikkje let seg kombinera med offentlege ytringar på vegne av organisasjonen.

6. Arbeid

Påverke styresmaktene

Kringkastingsringen leverte høyringssvar til Medietilsynet som skal greia ut om mediemangfaldet generelt, og NRK spesielt. Det er sendt ut nokre pressemeldingar i perioden, m.a. ein gratulasjon til NRK som greidde nynorskkravet i 2021.

Medieverksemdene

Me (Ruset og Aarbø) hadde saman med Noregs Mållag og Norsk Målungdom møte med leiinga i NRK 12. desember. Der var innom rekruttering av nynorsk-skrivande journalistar og bruk av dialekt i barne-TV.

Møte journalistane

Me har i perioden gitt kopp og merksemd til Eides Språksjov (NRK) og Astrid Randen (NRK).

Synleg organisasjon

Kringom

Kringom er medlemsbladet for Kringkastingsringen, og går ut til alle medlemmane, i tillegg til ymse gratistingarar, særleg i NRK-systemet. I 2021 kom det tre nummer. Saman med Kringom vart det sendt ut medlemspengegiro og gåveoppnop. Dagleg leiar skriv det meste av stoffet, med noko hjelp frå styret.

Internett

www.kringkastingsringen.no har grunnleggjande informasjon om organisasjonen, nyheiter, opplysningar om Kringkastingsprisen, årsmeldingar, arbeidsprogram osb. Facebook-sidene blir likevel oftare oppdatert. Talet på fylgjarar har vore stabilt gjennom perioden.

Norsk Tidend

Styreleiar leverte stoff til Norsk Tidend under vignetten *Media*.

Kringkastingsprisen

Magni Øvrebotten fekk Kringkastingsprisen 2021 for innsatsen med NRK Nynorsk Mediesenter. Utdelinga fann stad i lokala til NRK i Førde. Ivar Bruvik Sætre delte ut prisen.

7. Representasjon

Styret i Nynorsk pressekontor

Fast plass: Hans-Olav Rise og Anne Svanaug Straume

Vara: Inger Johanne Ruset og Mattias Rolighed Bergset

Vener av Dag og Tid

Kristofer Olai Stavseng og Inger Johanne Ruset.

Nynorsk Forum

Dagleg leiar har møtt fast i Nynorsk Forum.

Oslo 9.3.2022

Inger Johanne Ruset (leiar)

Mone Celin Skrede

Kari Nygard Tvilde

Anders Boine Verstad

Ingjerd Lindeland

Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad

Hans-Olav Rise